

Samarbeidsavtale

mellom

Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune

Bakgrunn og formål med avtalen

Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune har felles mål og verdier for å leggje til rette for idrett og fysisk aktivitet som førebyggjande folkehelsearbeid, trivsel og attraktivt fritidsliv, samt gode oppvekst- og levevilkår.

Idrettsrådet er eit fellesorgan for idretten, organisert i NIF gjennom idrettskretsane og underlagt NIFs lover og vedtekter.

Avtalen mellom Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune er styrking av det naudsynte samspelet mellom idrettsrådet og kommunen. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

Samarbeid

Eit hovudprinsipp er at alle saker som idrettslaga ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet.

Kommunen skal førelegga alle saker av felles interesse for idretten til idrettsrådet og idrettsrådet skal gje uttale til desse sakene.

Idrettsrådet skal få anledning til å delta i planarbeidet i kommunen på alle område som vedkjem idretten sine interesser.

Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at idrettsrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast (vidare) direkte mellom idrettslag og kommunen.

All kommunikasjon mellom Øygarden idrettsråd og Øygarden kommune skal vera skriftleg, open og offentleg.

Høyringsrett

Øygarden idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten. Kommunen har ansvar for å hente inn uttale frå idrettsrådet i saker som er av interesse for idretten i kommunen.

Kommune sin administrasjon sørgjer for at uttalen frå idrettsrådet til politiske saker følgjer aktuell sakspapir til avgjerande instans, eller på annan måte vert referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.

Med tilbakemelding frå idrettsrådet meina ei skriftlege uttale til saker som er til behandling.

Kommunikasjon

Idrettsrådet skal kunne be om møte med ordfører, formannskap og utval avhengig av kva tema som skal drøftast. Idrettsrådet bør ha årleg presentasjonstid i kommunestyret. Idrettsrådet må sjølv ta initiativ til desse møta, dersom ikkje dei blir bedne om å delta.

Idrettsrådet bør ha fast årleg møte mellom administrasjonen v/kulturleiar. Kommunen har ansvar for innkalling til møte som bør skje i august månad.

Administrasjonen er fast deltakar på styremøta til idrettsrådet.

Avtaletid

Samarbeidsavtalen skal godkjennast av årsmøte i Øygarden idrettsråd, eller så kan årsmøtet gje styret i idrettsrådet fullmakt til å utarbeide og signera samarbeidsavtalen.

Kommunedirektøren i Øygarden kommune legg avtalen fram for Levekårsutvalet til politisk godkjenning.

Den godkjende avtalen skal underskrivast av leiar av Øygarden idrettsråd, ordfører i Øygarden kommune og kommunedirektøren i Øygarden kommune.

Avtaletid er sett til 4 år og følger kommunestyreperioden. Oppstart frå inngått dato.


Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluere avtalen kvart andre år etter inngåing av avtalen. Avtalen kan elles reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med 6 månaders varsel.

Straume 26 / 2 / 2024


Øygarden kommune, ordfører




Øygarden kommune, kommunedirektør


Øygarden idrettsråd, leiar



Samarbeidsavtale

mellom

Øygarden Musikk og Kulturråd

og

Øygarden kommune

Bakgrunn og formål med avtalen

Øygarden Musikk og Kulturråd og Øygarden kommune har følgende felles mål og verdier: leggja til rette for kultur og kulturelle aktivitetar og utvikling som førebyggjande folkehelsearbeid, trivsel og attraktive fritidstilbod, i tillegg til gode oppvekst- og levevilkår. Avtalen mellom Øygarden Musikk og Kulturråd og Øygarden kommune gjeld styrking av det naudsynte samspelet mellom rådet og kommunen. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

Medlemmer av Øygarden Musikk og Kulturråd er nedanfor kalla kulturlag.

Samarbeid

Eit hovudprinsipp er at alle saker som både medlemmer og ikkje-medlemmer av kulturrådet ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for kulturlivet, skal formidlast til kommunen gjennom kulturrådet. Det betyr at kommunen ikkje gjennomfører eller avsluttar si sakshandsaming utan at saka har vore på høyring hjå kulturrådet, eller at kulturrådet har medverka på annan måte, avhengig av type sak.

Dette hovudprinsippet skal likevel ikkje vera til hinder for at kulturrådet og kommunen kan avtala at ei sak skal handsamast (vidare) direkte mellom kulturlag og kommunen.

All kommunikasjon mellom Øygarden Musikk og Kulturråd og Øygarden kommune skal vera skriftleg, open og offentleg.

Høyringsrett

Øygarden Musikk og Kulturråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld kulturlag eller som har konsekvensar for kulturlaga.

Øygarden kommune sin administrasjon sørgjer for at Øygarden Musikk og Kulturråd sine tilbakemeldingar til politiske saker følgjer aktuelle sakspapir til avgjerande instans, eller på

annan måte vert referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.

Med tilbakemelding frå Øygarden Musikk og Kulturråd meiner ein skriftlege kommentarar til saker som er til behandling.

Kommunikasjon

Rådet skal kunna be om møte med ordførar, formannskap og utval avhengig av kva tema som skal drøftast. Rådet bør ha årleg presentasjonstid i kommunestyret. Rådet må sjølv ta initiativ til desse møta, dersom dei ikkje blir bedne om å delta.

Det bør haldast eit fast, årleg møte mellom Øygarden Musikk og Kulturråd og administrasjonen v/kulturleiar. Administrasjonen er med på styremøta i rådet ved behov.

Avtaletid

Med mindre årsmøte i Øygarden Musikk og Kulturråd har gitt styret nødvendig fullmakt, må samarbeidsavtalen vera behandla og godkjend av årsmøte. Kommunedirektøren i Øygarden kommune legg avtalen fram for Levekårsutvalet til politisk godkjenning.

Den godkjende avtalen skal underskrivast av leiar av Øygarden Musikk og Kulturråd, ordførar i Øygarden kommune og kommunedirektøren i Øygarden kommune.

Avtaletid er sett til 4 år og følgjer kommunestyreperioden. Oppstart er frå inngått dato.


Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluera avtalen kvart andre år etter inngåing av avtalen. Avtalen kan elles reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med 6 månaders varsel.

Straume 26 / 2 / 2024


Øygarden kommune, ordførar




Øygarden kommune, kommunedirektør


Leiar Øygarden Musikk og Kulturråd